



ÅRSREKNESKAP 2018



 **HELSE VEST IKT**



INNHALDSLISTE

Visjon og foretningsidé	4
Styringsbodskap og målsetningar	5
Leiargruppa	6
Organisasjonskart	7
Årsberetning	8
Resultatrekneskap 2018	15
Balanserekneskap 2018	16
Kontantstraumoppstilling 2018	18
Melding frå revisor	32



OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

NØKKELTAL

Antall tilsette	568
Omsetning	kr. 1 064 000 000
Antall system	984
Antall brukere	35 782
Antall lokasjoner	140

KONTAKT

Ibsens gate 104
5052 BERGEN

55 97 65 00
postmottak@helse-vest-ikt.no
www.helse-vest-ikt.no
Org.nr: 987 601 787

VISJON

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

FORRETNINGSIDÉ

- Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.



Styret i Helse Vest IKT, 2018

Bak: Eivind Gjerdal, Ørjan Midttun, Herlof Nilssen, Lars Erik Baugstø-Hartvigsen, Olav Klausen, Beate Sander Krogstad, Clara Gram Gjesdal, Arve Varden

Framme: Bodil Lekve, Agnete Sjøtun, Inger Cathrine Bryne, Erik M. Hansen

STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

OVERORDNA MÅLSETTINGAR

HELSE VEST IKT HAR EIN TODELT FUNKSJON. SELSKAPET SKAL:

1) PRODUSERE IKT-TENESTER

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.

2) BIDRA TIL INNOVATIV BRUK AV IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandligna i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.

LEIARGRUPPA



FREDRIK ELDØY

Avd. leiar
IKT-fagsenter

Sivilingeniør i tele-
matikk frå NTNU.
Tidlegare arbeid på UiB
og hos EDB Business Con-
sulting.



LEIF NORDLAND

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handels-
høgskulen i Bodø.
Tidlegare økonomi-
sjef i Hummervoll AS og
rekneskapssjef i Helse
Bergen.



GEIR GRANERUD

Avd. leiar
Arkitektur, portefølje
og innovasjon

Bachelor i International
Business.
Tidlegare CIO i Mirror
Accounting og prosjekt-
leiar i Helse Vest IKT



ERIK M. HANSEN

Administrerande
direktør

Hovudfag i Informatikk
frå UiB. Tidlegare for-
skar/forskningsleiar ved
CMR, og IKT-direktør ved
Haukeland
Universitetssjukehus.



VIDAR RÅHEIM

Avd. leiar
Regionalt
EPJ-fagsenter

Master i helse og sosialin-
for-matikk. Sjukepleiar-
bakgrunn frå Psykiatrisk
klinikk, Medisinsk divisjon
og Fag- og foretaks-
utvikling i Helse Stavanger.



HARALD FLATEN

Avd. leiar
Tenesteproduksjon

Elektronikk-ingeniør frå
NKIs Ingeniørhøgskule i
Bergen. Tidlegare drifts-
ingeniør i Televerket og
driftsleiar for IT- avdelinga
ved Sentralsjukehuset i
Førde.



GJERTRUD FAGERLI

Avd. leiar
Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarut-
danning frå NHH og BI.
Har tidlegare arbeid i
Accenture, Telenor og EDB
Business Partner.



ØRJAN ANDERSEN

Avd. leiar
Tenesteutvikling

Hovudfag i Informasjons-
vitskap frå UiB. Tidlegare
konsulent i PWC og råd-
gjevar og prosjektleiar i
Helse Bergen.

ORGANISASJONSKART

ADMINISTRERANDE DIREKTØR
Erik M. Hansen

ØKONOMI OG HR
Økonomisjef
Leif Nordland

ARKITEKTUR, PORTEFØLJE OG INNOVASJON Avdelingsleiar Geir Granerud	VERKSEMDSUTVIKLING Avdelingsleiar Gjertrud Fagerli	REGIONALT EPI FAGSENTER Avdelingsleiar Vidar Råheim	TENESTEPRODUKSJON Avdelingsleiar Harald Flaten *	IKT-FAGSENTER Avdelingsleiar Fredrik Eldøy
ARKITEKTUR OG LØYSINGSDESIGN Seksjonsleiar Tor Helland Kleppe	INTEGRASJON Seksjonsleiar Steinar Hamre	SAMHANDLING Seksjonsleiar Eli Johannessen	APPLIKASJONSDRIFT Seksjonsleiar Christen Olav Dale	KUNDESENTER Seksjonsleiar Thomas Yrvin
PORTEFØLJE- OG ARKITEKTURSTYRING Seksjonsleiar Monica Granli	UTVIKLING Seksjonsleiar Magnhild Viste	FELLES LØYSING Seksjonsleiar Johan S. Lindtner	KLIENDRIFT Seksjonsleiar Frode Langeland	DRIFTSENTER Seksjonsleiar Per Espelid Ertsland
INNOVASJON Seksjonsleiar Hilde Alvseike	STYRINGSDATA Seksjonsleiar Kristin Farestvedt	ADMINISTRATIVE SYSTEM Seksjonsleiar Oddny Sønnesyn	SERVER OG LAGRING Seksjonsleiar Anders Fredrikson	APPLIKASJONSSTØTTE Seksjonsleiar Elisabeth Skeide Larsen
	PROSJEKTLERING Seksjonsleiar Eirik Aaserød	DRIFTS- OG STØTTESYSTEM Seksjonsleiar Frode Nilsen	DATAKOMMUNIKASJON Seksjonsleiar Andreas Espelid	TILGANGSBEHANDLING Seksjonsleiar Jens Vatne
	TEST OG INNFØRING Seksjonsleiar Pål Gaute Sætre	LIBRA FORVALTING Seksjonsleiar Harald Breyhøltz	TELE OG SIGNAL Seksjonsleiar John Arne Lillestøl	
				IKT-UTSTYR Seksjonsleiar Jarle Simonsen

* Leinga sin representant for miljøstyring

ÅRSBERETNING


KULA RULLAR I HELIKS

Program HELIKS har ansvar for innføring av kliniske system i regionen. Dette omfattar elektronisk kurve og legemiddelhandtering (KULE), overgang til DIPS Arena (ODA) og innføring av felles radiologiløysing (FERD).

Programmet har intensivert arbeidet med å bidra til at dei ulike systema understøttar klinikarane på ein heilskapleg måte. Klinikarar er sentrale i programmet sitt arbeid med å utarbeide løysingane som sikrar at funksjonalitet og informasjon vert tilgjengeleg på tvers av dei ulike systema.

KULE-prosjektet har i 2018 hatt hovudfokus på utvikling av kurveløysinga for spesialeiningar, inkludert arbeid med integrasjonsløysingar og tilrettelegging for automatisk datafangst. Innføringsprosjekta har hatt høg aktivitet, med innføring både innan somatiske og psykiatriske einingar.

Status Meona-innføring per desember 2018 er vist nedanfor.



Figuren viser kor stor del av sengene ved alle helseføretak samt Haraldsplass sjukehus som har innført Meona. 87 % av sengene totalt i Helse Vest har innført Meona. Innanfor somatikk er Meona innført for 85 % av sengene og innanfor psykiatri er Meona innført for 93 % av sengene.

FERD-prosjektet har i 2018 førebudd innføringa av ei ny felles radiologiløysing frå Sectra for heile regionen, som erstattar fire ulike system. Først ute med å ta i bruk den nye løysinga var Helse Førde i desember 2018. Resten av regionen følgjer etter i løpet av 2019.

ODA-prosjektet har meldt oppstart av pilot på DIPS Arena våren 2019. Verifisering, test og tilpassing av løysinga har vore hovudaktivitetar i dette arbeidet.

LIBRA PÅ VEG

I 2018 starta Helse Vest IKT med det omfattande, førebuande arbeidet i LIBRA-programmet.

I LIBRA-programmet skal ein innføre eit nytt IT-system og samstundes etablere ein felles måte å jobbe på i heile Helse Vest, innan lager, innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffing.

Dagens IT-system er utdaterte, og har ikkje kundestøtte. Det inneber ein høg risiko, og derfor er det viktig at ein får på plass eit nytt system. Systemet som skal innførast heiter SAP og leverast av IBM. SAP vil ta over for ulike store og små system som i dag brukast om kvarandre, og som ikkje kommuniserer godt saman. Vi får dermed ein felles måte å jobbe på og eit felles system i heile Helse Vest. Målsetjinga med innføringa er å forbetre prosessane som støttar opp under kjernedrifta slik at ein ute på avdelingane i sjukehusa får meir tid til pasientane og bruker mindre tid på administrasjon.

NY SEKSJON

Så langt har forvaltninga av masterdata knytt til økonomi- og innkjøpssystema i Helse Vest ligge i kvart føretak. I 2018 vart det oppretta ei felles eining i form av ein ny seksjon i Helse Vest IKT, som skal forvalte både dei felles prosessane samt felles masterdata og system, som er viktige aktivitetar i LIBRA-programmet.

Målet med dette er å byggje opp samla regional kompetanse i staden for at denne kompetansen ligg spreidd i ulike miljø i føretaka. I juni i år fekk Helse Vest IKT derfor femten nye tilsette frå dei ulike føretaka. Prioriteringane i forvaltningseininga vil verte styrt gjennom avgjersler som føretaka tar i den vedtekne styringsmodellen for vidare forvaltning av LIBRA. Eininga vert eit viktig instrument for føretaka, for å sikre fokus på kontinuerleg forbetring av prosessar og system etter at programmet er avslutta.

NYE HARALDSPASS MED TEKNOLOGI I SPISSEN

Den 23. oktober opna statsminister Erna Solberg nye Haraldsplass Diakonale Sykehus - det mest moderne sjukehuset i Noreg, i følgje Bergensavisen.

Haraldsplass Diakonale Sykehus har stått fyrst i rekka for innovasjonsarbeidet rundt internkommunikasjon og logistikk i Pasientflyt og ressursar, med utrulling frå november 2018 og utover våren 2019.

Smarttelefonar erstattar papirlappar, alle avdelingar og einingar vert samankopla og kommuniserer saumlaust, medan kvar enkelt tilsett får sjå berre det som er naudsynt å sjå på sin eigen skjerm.

Smarttelefonane, ferdig oppstilt med Imatis Mobilix, vil syne brukaren ei oversikt over pasientane han eller ho har ansvar for: gjeremål, meldingar, sjekklister, prøvesvar - alt saman i sanntid. Innhaldet på dei handhaldne einingane er spegla frå ein trykkskjerm, ei «tavle», plassert i dei ulike avdelingane. Tavlene er navet for mellom anna DIPS, laboratoria, RIS, portørtenester, vasketenester og kjøken. Løysinga skal og knytast mot pasientsignal og operasjonsplanlegging, med integrasjonar mot fleire system som Meona.


På desse kan personellet logge seg på med ID-kortet sitt, få opp oversikt over sine pasientar, og enkelt kunne spore anna personell og informasjon.

IMATIS OG TID

IMATIS-systemet er tenkt å frigjere sjukehuskvardagen frå unødig logistikk og tidsbruk, som til dømes oppsøking etter personell, og pasientar som er uførebuade til operasjon. Dei frigjorte ressursane vil i staden kunne nyttast til kvalitetsheving på tenestene pasientane vert tilbydd.

Det vert ikkje berre ein ryddigare og meir oversiktleg kvardag for dei som har direktekontakt med pasientane, men òg for alle støttetjenestene. Bestillingar, og ikkje minst kanselleringar, vil kunne gå automatisk til fleire avdelingar og tenester etter kvart som pasientprofilen vert oppdatert.

På denne måten vil prosjektet eliminere ineffektive hendingar som vasking av rom både før og etter utskriving av pasient, så vel som fleire tonn mat i boset i året. Her vil meldingar om ting som faste, allergiar eller dårleg matlyst, og planlagde utskrivingar kome opp før dei daglege produksjonsprosessane er i gang. Det er mykje å hente på samordning av kommunikasjon, både på tid, økonomi, men òg i å sikre meningsfulle arbeidskvardagar.



I BRUK, I DAG

Mykje er på plass, og med smarttelefonløysinga som Imatis skal ferdigstille, vil dei resterande systema etter planen vere i drift innan våren 2019. Etter innføringa på Haraldsplass kan ferdigskrivast skal systemet rullast ut i Helse Vest-føretaka i tur og orden. Prosjektet har gått i rekordfart, og det har sjølv sagt ikkje vore gratis: Ny wifi, ekstra mobilsendar i kjellaren, telefonar og nettbrett, skjermar og programvare kostar sitt, men investeringa er både framtidsretta, så vel som kortsiktig lønsam i utlukinga av system som ikkje talar saman.

HELSE VEST LEIAR AN I DIGITALISERINGA

Helse Vest IKT har dei siste åra styrka satsinga på innovasjon og utvikling, og kan no hauste fruktene av satsinga med fleire nyttige nyvinningar.

Seksjonane Utvikling og Integrasjon har auka jamt og trutt i 2018, og i tillegg har Innovasjon vorte delt inn som ein eigen seksjon. Dette gjev eit tydeleg bilete på korleis satsinga har vore på nyvinning og innovasjon det siste året. I løpet av 2018 har satsinga på digital fornying bore fleire frukter. Helse Vest har mellom anna vore første helseregion i landet til å aktivt ta i bruk «chatbot», robotar og «gamification».

SPELSUKSESS SOM REDDAR LIV

I april 2018 vart spelet «Stopp Sepsis» lansert. Spelet, som har vorte utvikla av Helse Vest IKT i godt samarbeid med sjukepleiarar, fekk ein varm respons frå brukarane. Det første døgeret hadde spelet 20 000 unike påloggingar. Blodforgifting har vore eit av satsingsområda i Pasientsikkerhetsprogrammet til Helse Vest. Under Pasientsikkerhets-programmet sitt Læringsnettverk for sepsis, med 200 deltakarar frå infeksjons- og pasientsikkerhetsmiljø nasjonalt, fekk spelet òg mykje positiv merksemd.

SPARAR TID MED ROBOT

Suksessen til «Stopp Sepsis» har ikkje gått umerka forbi. Saman med robotiseringsprosjektet og innføringa av roboten «Robbie Vest» vart spelet nominert til Digitaliseringsprisen – årets digitale suksesshistorie under den årlege digitaliseringskonferansen til Difi.

Robbie Vest vart offisielt lansert i november 2017, men gjennom 2018 har roboten teke over fleire sentrale prosessar og hjulpet helsepersonell med manuelle arbeidsoppgåver og tidsinnsparing. Hausten 2018 hadde Robbie Vest allereie overteke oppgåver tilsvarande om lag 11 000 arbeidstimar årleg.

Prosjektet har ikkje hatt som mål å kutte årsverk, men å bidra til kvalitetsheving og å ta unna meir arbeid. I staden for å ta stikkprøver kan til dømes roboten prosessere heile datasett, og komme med ein detaljert rapport på det som er avvik. Det gjev heilt andre moglegheiter før.



LANDETS FØRSTE HELSE-CHATBOT

Helse Vest har ikkje berre vore først ute med bruk av robotiserte prosessar, men òg med innføringa av landets første helse-«chatbot» - ein robot som gir svar på helsespørsmål. «Chatboten», som har fått namnet «Dina», er opplærd til å svare på viktige helsespørsmål som gravide med svangerskapsdiabetes slit med.

Sjukdommen diabetes har auka kraftig i Noreg siste åra. I dag er det estimert at årleg får heile 5 500 pasientar i landet diagnosen svangerskapsdiabetes. Målsetjinga med den nye «chatboten» er å styrke kvinners kunnskap om eigen helse.

EIN PLATTFORM FOR INNOVASJON

Helse Vest IKT er ein sentral partner i fyrtårn-prosjektet, INTROMAT, der ein ønskjer å få etablert det som best kan skildrast som ei «privat helsesky». I denne helseskya skal ein drive forskning og utvikle innovative helsetenester. I oktober leverte Haukeland universitetssjukehus, på vegne av prosjektet, ein søknad om midlar til å opprette denne helseskya, som vil få namnet «INFONIA».

«Proof of concept» for Infonia-plattformen er allereie klar. Den vart presentert av teamleiar, Yngvar Skar og hans samarbeidspartnarar i haust. Målsetjinga deira er å la pasienten sjølv bidra til datafangst, slik at ein kan få eit betre utgangspunkt for å bestemme vidare behandling. Presentasjonen vart særst positivt motteke hjå tilhøyrarane, som ser stort potensiale i å få henta inn meir data om pasienten, slik at ein har eit endå betre avgjerslegrunnlag når ein skal velje behandlingstype.

NYTT OPERATIVSYSTEM TIL ALLE FØRETAKA

I 2018 starta Helse Vest IKT utrullinga av Windows 10. Eit prosjekt som rører ved 1 300 applikasjonar, og alle dei tilsette i føretaka. Prosjektet skal halde fram i nesten heile 2019.


14. januar 2020 er ein viktig merkedag for mange av dei som jobbar i Helse Vest IKT. Det er dagen då Microsoft avsluttar sin støtte til det gamle operativsystemet Windows 7. Innan den tid må heile Helse Vest ha kome seg over på det nyaste operativsystemet, Windows 10.

Sjølvm om det framleis er ein stund til Microsoft avsluttar sin støtte til Windows 7 har prosjektet allereie heldt på lenge. Prosjektet hadde oppstart i januar 2017, med påfølgjande pilot i Helse Vest IKT på hausten og utrulling i føretaka frå og med februar 2018. Prosjektet kjem til å gå ut 2019, der målsetjinga er å verte ferdige med det meste innan sommaren, slik at ein har eit halvt år til å ta restaktivitet og vanskelege saker.

NYE FUNKSJONAR

Med oppgraderinga til Windows 10 kjem det òg moglegheiter for ein del nye funksjonar, men den viktigaste oppgraderinga er den du ikkje ser; sikkerheita er kraftig forbetra. I tillegg har Microsoft gjort operativsystemet meir brukarvenleg. Det har òg kome ny startmeny og moglegheit for fleire skrivebord. I den kommande versjonen er det òg ein funksjon som gjev deg oversikt over alle dei sist brukte dokumenta dine.

Det overordna prosjektet «Plattformløftet» handlar om meir enn berre innføring av eit nytt operativsystem. Her vert òg løysinga «sesjonsvandring» utvikla, som skal redusere av- og påloggingstid for klinikarar som flyttar seg ofte frå PC til PC; ved hjelp av id-kortet kan brukaren flytte seg frå maskin til maskin utan å miste arbeidsøkta si.



UTFORDRANDE TIDER FOR KUNDESENTERET

Med ein rekordar på 14 674 telefonar i juni og 16 000 i september, tar Kundesenteret unna på feila som kjem inn. Ikkje overraskande kjem betalinga i form av lengre ventetid for kundane.

Servicegraden ligg til vanleg på 80 prosent, noko Kundesenteret har klart nesten kvar måned dei siste sju åra. Men, med svartid som gjekk frå under minuttet, til nærare to minutt i september, vart det raude tal for Kundesenteret. Ein fjerdepart av sakene kundesenteret får inn omhandlar DIPS og spørsmål rundt dette, men det er likevel minutta som følgjer etter brot i eit av systema i Helse Vest IKT som utgjer dei verkeleg hektiske stundene.



Biletet er samansett, der DIPS er den største kjelda til telefonar inn, medan Windows 10, gløynte passord og ulike sikrings-system aukar trafikken òg. Terskelen for å ringe inn problema sine er veldig låg, med ventetid-snitt på 37 sekund dei siste åra; det er ofte enklare å ringe og få instruksar enn å freiste å starte maskina på nytt, eller å lese feilmeldingane på skjermen.

Tiltak som er sett inn for å ta unna pågangen er til dømes meir trykk på bruken av kundeweb-portalen, med digital henvending. Der får du svar innan ein time, ei tid som òg skal reduserast. Brukarane finn òg svar på ofte stilte spørsmål og får hjelp til å løyse problema sjølv.

Andre tiltak er førehandsinnspelte meldingar i sentralbordsvararen, der dei kan ta unna store mengder telefonar. Opp til 60 prosent av brukarane som ringer inn legg på når dei har fått informasjon gjennom talemelding, ved kjente feil.

INGEN INNBROT I MURANE TIL HELSE VEST IKT

Mangeårig arbeid med sikring, og bevisst framsynt tenking har betalt seg i 2018.

Ein stram politikk på patching kvar månad, isolasjon av uoppdaterte einingar og månadlege søk etter sårbarheiter i systemet har gjort sitt for å sikre datatenestene og infrastrukturen. Med omsyn til stabilitet ligg mykje av hemmelegheita i sortering og utskiljing av patchar som ikkje er hensiktsmessige.

EITT INNBROT ER NOK

Det å vere 99 prosent sikker er ikkje nok i den moderne IT-verda, for det trengst berre éi digital dør på gløtt før at innbrotet er eit faktum. Ved å standardisere mesteparten av dei digitale tenestene som er i bruk i Helse Vest vert sikringsbiletet mykje klårare for sikkerhetspersonellet vårt, men utfordringane ligg ofte ikkje berre bak eiga dør. I skjeringspunktet mellom den interne infrastrukturen og internett står brukarane - og ei rekke potensielle moglegheiter for uvedkommande. Innføringa av 2-faktorsystem for pålogging til eksterne tenester gjorde Helse Vest i mykje større grad stengd for uvedkommande enn det som før var mogleg, samstundes som at det sikra og vidareutvikla arbeidsflyten for sluttbrukaren.

IKKJE ALLTID RETT FRAM

Men det er ikkje alltid at desse prosessane er så forutsigbare som ein ynskjer, til og med under milepæl-løft for verksemda; i utfasinga av den siste 2003 serveren i år, mista Carestream-løysinga fotfeste, og Helse Stavanger har i lange tider etter stått med eit ustabil røntgensystem. Slike hendingar stiller ofte brukarane undrande til kor vidt det er fornuftig å endre på system som fungerer, då sikkerheitsaspekta ikkje vert synlege før innbrotet er eit faktum.



REKNESKAPSRESULTAT

Rekneskapsmessig resultat for 2018 var eit underskot på 5,2 mill. kr. Resultatet er 6,2 mill. kr under budsjett, og lågare enn forventa.

Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2018 visar eit overskot på 32,7 mill. kr. Dei totale inntektene var 1 064,4 mill. kr. Av desse var 949,9 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 28,0 mill. kr sal av IKT-utstyr, 55,8 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 30,7 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt tilskot frå Helse Vest RHF).

Totale driftskostnader var 1 062,7 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 26,0 mill. kr, personalkostnader 320,7 mill. kr, avskrivningar 247,5 mill. kr og andre driftskostnader 468,5 mill. kr. Med netto finanskostnader på 6,9 mill. kr gjev dette årsresultatet på -5,2 mill. kr.

BALANSE

Totalkapitalen per 31.12.2018 var 1 446,8 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 84,3 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 184,0 mill. kr og utgjorde dermed 12,7 %.

FINANSIELL STILLING

Likviditetsbeholdning var 69,5 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2018.

OM MILJØ

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2018 på 4,6%, noko lågare enn i 2017 på 5,3 %, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Selskapet har hatt ei positiv utvikling i sjukefråværet det siste året.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

YTRE MILJØ

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet er sertifisert etter ISO 14001:2015, og revisjon frå Kiwa vart gjennomført i desember 2018/januar 2019.

EIGARTILHØVE

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2018 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

LIKESTILLING

43% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 36 % kvinner i styret samla sett. 30 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) er kvinner, 17 % av avdelingsleiarane er kvinner, 36 % av seksjonsleiarane er kvinner.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

Årsresultatet for 2018 var eit underskot på kr 5 211 418. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at underskotet vert ført mot annan eigenkapital.

UTSIKTER FRAMOVER

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

STAVANGER, 13.03.2019
STYRET FOR HELSE VEST IKT



Herlof Nilssen
styreleder




Arve Varden
styremedlem




Lars Erik Baugstø-Hartvigsen
styremedlem




Olav Klausen
styremedlem



Beate Sander Krogstad
styremedlem



Clara Gram Gjesdal
styremedlem



Eivind Gjerdal
styremedlem




Ørjan Midttun
styremedlem




Stian Hoell
styremedlem



Inger Cathrine Bryne
styremedlem



Agnete Sjøtun
styremedlem



Erik M. Hansen
administrerende direktør

RESULTATREKNESKAP 2018

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2018	2017
Driftsinntekter og driftskostnader			
Basisramme	2	15 857	12 757
Anna driftsinntekt	2	1 048 519	938 123
Sum driftsinntekter	2	1 064 376	950 880
Varekostnad		25 994	21 453
Lønn og andre personalkostnader	3	320 739	308 649
Ordinære avskrivningar	6	247 462	226 792
Andre driftskostnader	4	468 537	389 080
Sum driftskostnader		1 062 732	945 974
Resultat frå drifta		1 644	4 906
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	5	845	1 283
Andre finanskostnader	5	7 701	5 620
Netto finansresultat		-6 856	-4 338
Resultat før skattekostnad		-5 211	568
Resultat for året		-5 211	568
Overføringer			
Overført annan egenkapital	11	- 5 211	568
Sum overføringer		- 5 211	568

BALANSEREKNESKAP 2018

EIGEDELAR

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2018	2017
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Lisensar og programvare	6	944 764	798 397
Sum immaterielle egedelar		944 764	798 397
Varige driftsmidler			
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	6	228 861	195 786
Anlegg under utføring	6	42 731	64 985
Sum varige driftsmidler		271 593	260 771
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	7	3 733	3 027
Sum finansielle anleggsmidler		3 733	3 027
Sum anleggsmidler		1 220 090	1 062 195
Omløpsmidlar			
Varer	8	6 582	8 400
Krav	9,17	150 649	191 100
Bankinnskott, kontantar og liknande	10	69 494	65 479
Sum omløpsmidlar		226 724	264 979
SUM EIGEDELAR		1 446 814	1 327 174

EIGENKAPITAL OG GJELD

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2018	2017
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	32 722	37 934
Sum opptent eigenkapital		32 722	37 934
Sum eigenkapital	11	184 041	189 253
Gjeld			
Avsetninger for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	12	76 935	69 262
Andre avsetningar for forpliktingar	13	17 851	25 882
Sum avsetningar for forpliktingar		94 786	95 144
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	14,17	979 164	826 473
Sum anna langsiktig gjeld		979 164	826 473
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		1 073 951	921 617
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		28 577	23 491
Anna kortsiktig gjeld	15,17	160 245	192 813
Sum kortsiktig gjeld		188 822	216 304
Sum gjeld		1 262 773	1 137 922
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 446 814	1 327 174

Stavanger, 13.03.2019

Styret for Helse Vest IKT

Herlof Nilssen
styreleder

Olav Klausen
styremedlem

Eivind Gjesdal
styremedlem

Inger Cathrine Bryne
styremedlem

Arve Varden
styremedlem

Beate Sander Krogstad
styremedlem

Ørjan Middtun
styremedlem

Agnete Sjøtun
styremedlem

Lars Erik Baugstø-Hartvigsen
styremedlem

Clara Gram Gjesdal
styremedlem

Stian Hoell
styremedlem

Erik M. Hansen
administrerende direktør

KONTANTSTRAMOPPSTILLING 2018

Alle tall i 1000 NOK

	2018	2017
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Årsresultat	-5 211	568
Ordinære avskrivninger	247 462	226 792
Endring i omløpsmidlar	42 270	-79 612
Endring i kortsiktig gjeld	-27 482	110 675
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger	7 673	14 837
Inntektsført investeringstilskott	-8 031	-8 031
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	256 681	265 228
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-404 651	-335 259
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-706	-594
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-405 357	-335 853
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	155 000	110 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	152 691	107 691
Netto endring i likviditet	4 015	37 067
Likvide midlar 01.01	65 479	28 412
Likvide midlar 31.12	69 494	65 479
Likviditetsreserve 31.12	69 494	65 479

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

GENERELT OM REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2018 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest IKT AS blei stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

KONSOLIDERING

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspisen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP - VURDERING OG KLASIFISERING

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemnd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

PRINSIPP FOR INNTEKTSFØRING

RAMMETILSKOT

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

ANDRE INNTEKTER

Øymerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og regnskapsførast etter reglane for øymerka tilskot.

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

KOSTNADSFØRINGSTIDSPUNKT SAMANSTILLING

Utgifter blir samanstilt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til.

Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

IMMATERIELLE EIGEDELAR

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhangen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklar. I særskilde høve vil eiga forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar omfattar eigeidom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivningar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

